

Som ifjor treng Festidalen i år mange frivillige til mykje av dei same arbeidsoppgåvene, men med nokre endringar, Som vanleg treng dei vakter, barvakter, folk i matboden og folk i billettboden begge dagane. Snenevakter er nytt av året, opplysar frivilligansvarleg Karina Solheim til uskedalen.no



[Det må takast mange tunge tak under Festidalen](#)

- Og når må scenevaktane gjera ein innsats?
- Dei byrjar på vakt klokka 22, men vert til gjengjeld att nokre timar til arrangementsslutt og hjelper til med rydding og delvis nedrigg av scenen. Desse får sjølvsagt vere på festivalområdet frå vakta byrjar, men dei kan sjølvsagt ikkje drikke alkohol. Så eigentleg får dei med seg begge konsertdagane. Det må vere greitt!
- Og så var det servering av mat og drikke...
- Me treng 6 frivillige til å hjelpe med dette, under næringsseminaret på fredag. Vakta er frå klokka 11.30 til 18, Desse får velje om dei vil ha dagspass eller til fredagen eller laurdagen.

Alle dei frivillige får som vanleg dagspass til den dagen dei ikkje

jobbar. Dei får også t-skjorte og dei får vere med på ein veldig kjekk kickoff-fest laurdag 26. juli i Helgheim. Der vert det livemusikk, noko å bita i og drikke og generelt svært god stemning.

Vi hadde i det heile ikkje klart å stabla Festidalen på beina utan frivillige, understrekar Karina Solheim.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

**Meld deg til
karinasolheim@gmail.com
eller klikk deg inn til venstre på denne sida.
Der finn du påmeldingsskjema.**